

## Interne vegar

På gravplassen skal det vere lett å komme fram for bårerprosjon, besøkande og med teknisk utstyr til alle gravfelt. Kva for standard vegane skal ha er avhengig av bruken og trafikkmengda. Armert grasbakke kan til dømes vere tilstrekkeleg der det er lite trafikk, mens det andre stader vil vere naudsynt å etablere eigne gangvegar. I tillegg til dei praktiske funksjonane, vil utforminga av vegsystemet verka inn på gravplassen sin visuelle heilskap. Det er viktig at endringar av eksisterande vegar, som endring av dekke, kantar, breidde, mindre justering av trasè og liknande, er i tråd med gravplassen sin eigenart. Pass på at endringane ikkje gjer tilgangane på gravplassen dårlegare for rørslehemma, men at han vert like god eller betre.



*Bragnes kirkegård, Drammen. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.*

### Råd og rettleiing

- Gravplassen sin karakter og bruken av vegane er førande for utforminga. Det som er tenleg for store og breie hovudvegar høver sjeldan på ein liten gangsti. Endre av dekke kan nokre gongar ha stor verknad på gravplassens kvalitetar. Å bytte ut skifer

med asfalt kan til dømes ha stor verknad for gravplassen sitt visuelle uttrykk. Dette er avhengig av dei lokale tilhøva. Utsjånaden og utforminga av vegsystemet er ein del av gravplassen sin visuelle heilskap og karakter, endring av dekke, kantstein eller breidde må ikkje redusere kvalitetane til gravplassen. Tilsvarande gjeld for trapper. Materialar og handverk må alltid ha god kvalitet.

- Av omsyn til universell utforming er det viktig at vegdekket er fast og kompakt nok slik at ein kan køyra med rullestol, rullator eller barnevogn. Vegen bør i tillegg ha ei synleg og følbare avgrensing, alternativt ei ledelinje eller tilsvarande. Der det er kantstein må den synlege sida (visflata) vere på maks eit par centimeters høgde slik at ein lett kan passere kanten med hjul.
- Ved auking av vegbreidda må ein passe på at det framleis er tilstrekkeleg avstand mellom vegen og gravene. Vegen må ikkje røyre ved gravene og han bør ha ein buffersone på minst 1 meter. Avstanden må vere tilstrekkeleg av omsyn til gravene sjølv og dei som besøker dei.
- Ved reduksjon av vegbreidda må vegen framleis vere brei nok etter gjeldande føresegner for universell utforming, om det ikkje er ein alternativ tilkomst til gravfeltet som er tenleg og innanfor krava.
- Ein bør ikkje endre vegens høgde på ein slik måte at det er til ulempe for gravene i nærleiken.
- Enkelte gangveggar er del av eit historisk veganlegg på gravplassen som ein bør ta vare på. Dette gjeld særleg historiske eller verknadsfulle aksar og plassar som er utforma med eit bestemt føremål etter ein tidlegare gravplassplan. Slike historiske veganlegg kan enkelte gangar ha eit formelt vern. Fråsegner i samband med vernet legger rammene ved endringar av veganlegget.
- Ver òg merksam på at tilgjengelegheita mellom gravfelt og gravrekker må vere god nok.

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørndnad som eigenarten legger til grunn.

### **Når må ein søke statsforvaltaren?**

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4.

Etablering av nye interne vegar eller endring/fjerning av historiske veganlegg vil ofte vere vesentlege endringar av gravplassen. Endring av eksisterande vegar, til dømes bredde, dekke, kantstein m.m., vil som regel ikkje vere ein vesentleg endring.

*Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?*

Ver merksam på nokre tiltak kan vere søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

### **Referansedokument**

- Gravplassloven
- Forskrift til gravplassloven
- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Utgitt av Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing.»



**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark**

Januar 2023